

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 17.11.2010
 Frå: **Administrerende direktør**
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 18.10.10 - 14.11.10**

Arkivsak

2010/40

Administrerende direktør si orientering pkt 6

Styresak 120/10 O

Styremøte 01.12. 2010

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 18.10.10 – 14.11.10
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen		Det er ikkje motteke saker i perioden.	
Statens helsetilsyn	04.11.10	Helsetilsynet i Hordaland har i brev til Helse Vest reist spørsmål ved rutinar for tilgang til elektronisk pasientjournal ved planlagde tilsyn. Brevet er sendt på vegne av alle dei tre fylka i helseregion vest. I brevet blir det spurt om det er mogeleg å standardisere rutinane for å gje tilgang til elektronisk pasientjournalssystem ved planlagde tilsyn.	Helse Vest vil følgje saka opp i dialog med helseføretaka.
Arbeidstilsynet		Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.	
Datatisynet		Det er ikkje motteke saker frå Datatisynet i perioden.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	07.05.10	Klage på avvisning i anbodskonkurranse om kjøp av kirurgiske tenester.	Avgjer føreligg ikkje.

		Bergen Kirurgiske Sjukehus er avvist frå konkurransen innan fagområdet plastikk kirurgi og har påklaga denne avvisninga.	
	07.05.10	Klage på avvisning i anbodskonkurranse om kjøp av kirurgiske tenester. Colosseumklinikken Stavanger er avvist frå konkurransen innan fagområdet generell kirurgi og har påklaga denne avvisninga.	Avgjer føreligg ikkje.
	12.07.10	Klage frå øyelege Morten Neset vedrørende anbodskonkurranse for kjøp av kirurgiske tenester frå privatpraktiserande spesialistar. Klagen gjeld manglande innsyn og at tilbodet frå den aktør som vant konkurransen innanfor området øye, skulle ha vore avvist.	Avgjer føreligg ikkje.
Sivilombudsm.	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombodsmannen i perioden.		

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen		Det er ikkje motteke saker i perioden.	
Statens helsetilsyn	30.10.09	Melding om tilsyn med Askøy Blå Kors Klinikk 17. desember 2009. Tilsynet omfattar ordningar og tiltak for å sikre eit forsvarleg behandlingstilbod og ivaretaking av rettstryggleiken til pasientane ved bruk av inngripande tiltak.	
	15.02.10	Rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik: <ul style="list-style-type: none"> • Organiseringa ved Skjerma eining er slik at tenestene ikkje kan utøvast fagleg forsvarleg. • Skjerma eining ved ABKK har for tida ikkje tilstrekkeleg lege- og psykologfagleg kompetanse som tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal ha. • Rutinar og praksis ved inngripande tiltak er ikkje i tråd med krava i forskrifta. 	
	26.02.10	Helsetilsynet mottok nye opplysningar om arbeidet som er sett i gang for å rette avvik og at det vil bli gjort ei samla evaluering.	
	19.03.10	Opplysningane blei tekne til orientering. Verksemda må innan 01.10.2010 sende evaluering, konklusjonar og opplysningar om eventuelle tiltak.	
	28.09.10	Rapport frå Askøy Blå Kors Klinikk sendt til Helsetilsynet. Helse Vest har i e-post 06.11.10 frå tilsynet fått opplyst at saka ikkje er avslutta.	
	26.02.10	Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Førde HF vedrørende oppfølging av "sørgje for"-ansvaret. I brevet blir helseføretaket bedt om å gi ein vurdering av om	

	23.03.10	utstyrssituasjonen i føretaket har ført til og kan føre til uønska hendingar eller periodar med uforsvarleg tenestetilbod.
	16.04.10	Helsetilsynet kan ikkje sjå å ha motteke vurdering som førespurd og etterspør denne.
	10.06.10	Helsetilsynet viser til svarbrev frå Helse Førde datert 09.04.10. Helsetilsynet har ikkje merknadar til helseføretaket si oppsummering, men saknar ei samla, grunngjeve vurdering av korleis Helse Førde vurderar situasjonen i forhold til lovkrava og ber om ei slik vurdering innan tre veker.
	10.06.10	Helsetilsynet har bedt Helse Førde om å leggje fram ei risikoanalyse der tryggleik og kapasitet blir vurdert. Frist er sett til 15. oktober 2010.
	09.03.10	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinik for psykisk helsevern, Seksjon for spesialisert behandling, Spesialpoliklinikk. Psykiatrisk ungdomsteam. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nødvendig og kvalitetssikra informasjon blir ikkje alltid gitt til tilvisande instans og oppfølgingsansvarleg når behandling i psykiatrisk ungdomsteam reelt er avslutta. <p>Helse Fonna vil evaluere dei tiltak som er sett i verk for å rette avviket. Helsetilsynet har bedt om å få resultatet av evalueringa innan 25. oktober og vil då vurdere om tilsynet kan bli avslutta.</p>
	08.07.10	<p>Rapport frå tilsyn med utgreiing, diagnostikk og logistikk ved brystkreft, Helse Bergen 15. – 16. juni 2010. Ved tilsynet ble det påvist eitt avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pasientar blir påført ein urimeleg belastning ved at det tar for lang tid å få svar på vevsprøver frå patologisk avdeling. <p>Helse Bergen er gitt frist til 15. september 2010 med å gjere greie for plan for å rette avviket.</p>
	06.11.10	Melding frå Helsetilsynet om at tilsynet er avslutta per 22.10.10.
	07.09.10	Varsel om tilsyn ved Stavanger Universitetssjukehus, Psykiatrisk divisjon 1. – 3. desember 2010. Akuttpsykiatrien si handtering av sjølvmodtruga pasientar.
	21.10.10	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk Haugesund sjukehus. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Fonna, Medisinsk klinikk sørgjer ikkje for at alt helsepersonell som skal delta i behandling av slagpasientar i post 5 får relevant fagleg oppdatering. Sjukehuset har lite spesialkompetanse til å ivareta pasientar med språkvanskar. • Rutinar for systematisk tverrfagleg samarbeid er mangelfulle. Andre rutinar blir ikkje alltid følgde. <p>Helse Fonna er gitt frist til 15. desember 2010 med å gjere greie for kva tiltak helseføretaket vil setje i verk for å rette avvika.</p>
	26.10.10	Oversending av rapport frå tilsyn med fødeavdelingane ved Helse Stavanger, Stavanger Universitetssjukehus. Ved tilsynet blei det ikkje påpeika avvik.

	29.10.10	<p>Helse Førde HF. Varsel om pålegg. Tilsynssak knytt til bemanning og kompetanse ved ambulansetenesta i Helse Førde.</p> <p>I brevet blir det gjort greie for saka si bakgrunn og helsetilsynet sine vurderingar. Statens helsetilsyn vurderar å pålegge helseføretaket å etablere ein bemanning av ambulansetasjonane i Vik, Fjaler, Balestrand, Bremanger og Lavik i tråd med krava i akutforskrifta § 17. nov.</p> <p>Helse Førde er gitt ein frist på fire veker til å gjere greie for korleis helseføretaket vil sikre at ambulansetenesta blir bemanna og drifta i tråd med gjeldande myndigheitskrav.</p>	
	10.11.10	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikk for psykisk helsevern, Seksjon for spesialisert behandling, akuttposten og post for eteforstyrningar og ECT. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå krav i helseavgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Helse Fonna sørgjer ikkje for at personell i akuttpost og post for eteforstyrningar og ECT får nødvendig opplæring om interne rutinar og bruk av arbeidsverktøy. • Helse Fonna, Klinikk for psykisk helsevern har ikkje etablert rutine som sikrar at meldingar til barnevernet blir framsende. <p>Helse Fonna er gitt frist til 15. januar 2011 med å gjere greie for kva tiltak helseføretaket vil setje i verk for å rette avvika.</p>	
Arbeidstilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Datatilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Statens strålevern		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	28.10.09	<p>Helse Fonna HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling om levering av ambulansetjeneste, sjuketransport og skyss av helsepersonell i Sunnhordalandsbassenget. Det blir hevda at det ikkje er gitt tilstrekkeleg grunngjeving for tildelinga. I tillegg er det hevda at unnlatning av å leggje fram evalueringsskjema og poenggiving før kontrakt blei inngått er i strid med krav om etterprøving. Vidare er det peikt på at det er gjort ein rekke feil ved evalueringa av tildelingskriteriet "tenesta sitt faglege innhald", og at tildelingskriteriet "Pris og kostnader" har fått mindre vekt enn oppgitt i konkurransegrunnlaget. Til sist er det hevda at kontrakten si lengde på 5 år er i strid med</p>	<p>Klagenemnda avgjorde saka 8. november 2010. Klagenemnda fann at Helse Fonna hadde brote forskrifta § 11-11 (1) bokstav e ved å tildele kontrakt til tilbydar med tilbod som ikkje innfridde kontraktsgrunnlaget sine tekniske spesifikasjonar. Andre punkt i klagen blei ikkje behandla.</p>

		regleverket.	
	26.02.10	Helse Bergen HF. Klager har delteke i ein open anbudskonkurranse for inngåing av rammeavtale om blikkenslagar- og taktekkartenester. Klager hevder at Helse Bergen har brote regelverket ved å avvise klager sitt tilbod.	Avgjer føreligg ikkje.
	07.07.10	Helse Bergen. Klage frå Norsk laboratorieleverandørers Forening. I klagen blir det hevda at Helse Bergen har gjort ei ulovleg direkte anskaffing av analyseinstrument innan medisinsk biokjemi.	Avgjer føreligg ikkje.
	08.11.10	Helse Fonna har gjennomført ein open anbudskonkurranse om totalentreprise for oppgradering av operasjonsstove til ein integrert avansert operasjonsstove ved Haugesund Sjukehus. Klager hevdar at klager urettmessig blei avvist som følge av at kvalifikasjonskravet "Referansar" ikkje var oppfylt. Klager hevdar vidare at det ikkje var mogleg å stille det aktuelle kvalifikasjonskravet fordi dette favoriserer større firma.	Avgjer føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		